

Betaling

Eigedomsskatten vert fakturert saman med andre kommunale eigedomsgebyr (vatn, avløp, slam, feiing og renovasjon). Kommunestyret tar stilling til antall terminar for innbetaling.

Dersom du er ueinig i beløpet, meiner at det er noko feil eller har klaga på utrekning av eigedomsskatten, må du likevel betala eigedomsskatten til forfallsdato jf. eigedomsskattelova § 25. Eventuelt for mykje eller for lite innbetalt eigedomsskatt vert korrigert når ein eventuell klage er ferdig handsama.

Forfalt eigedomsskatt er sikra med lovpant i eigedomen etter pantelova § 6-1. Kravet er òg tvangsgrunnlag for utlegg.